

Landsmøteuttalelse: Vassdragsnatur i fare

Trondheim 1. september 2013

To tredeler av vassdragsnaturen er allerede bygd ut. Det er på tide å ta vare på restane.

Kva er det som skjer med norsk natur? Vassdraga våre, sjølv symbolet på norsk natur, gode rasteplassar, fiskeplassar, hekkeplassar, gyteplassar, spanande juv, imponerende fossestryk og idylliske kulpar, blir år for år litt mindre fantastiske. Og det er vi sjølv, som straumkundar, som betaler for raseringa av norsk vassdragsnatur.

Ideen om «grøne sertifikat», ei støtteordning for å få etablert nye fornybare energikjelder, samla mykje støtte når han blei lansert, også frå Naturvernforbundet. Vi treng fornybar energi når vi skal fase ut den fossile. Problemet er at den subsidieordninga som blei etablert i Noreg i 2012 ikkje er særleg grøn; ordninga representerer i praksis berre støtte til tradisjonell vasskraftutbygging. Og resultatet let ikkje vente på seg. 434 småkraftverk er i drift i Noreg, heile 666 småkraftverk ligg til konsesjonsbehandling, i tillegg til om lag 300 større kraftverk. Samla vil dette føre til enorme inngrep i sårbar norsk natur.

For sjølv om kvart enkelt småkraftverk ikkje alltid har så store konsekvensar, så ser vi no stadig betre at summen av alle utbyggingane gir store skadar. Det er ikkje berre medlemmene i Naturvernforbundet som bør vere uroa for at over 300 trua artar i Noreg lever i ferskvatn. Når bekkekløftane, fossesprøytonene og elvedelta blir borte, blir desse artane også borte.

Men vi mistar meir. Kva er verdien av ei levande elv gjennom ei bygd. Kan denne verdien målast i kilowattimer, kroner, trivsel, turisme eller kilo fisk, og for kven? Kven veit når nok er nok i forvaltninga av norsk natur. Har vi rett til å forvalte all vassdragsnatur ut frå våre eigne økonomiske motiv? Har vi samvit til å ta frå kommande generasjonar opplevinga det er å sjå ein vårflom nedover fjellsidene i fjordane våre.

Om sju år er ordninga med grønne sertifikat over. Naturvernforbundet har eit håp om at neste steg i norsk kraftpolitikk vil vere å satse mest på den krafta som ikkje blir bygd ut. Ei satsing på energisparing og energieffektivisering vil både spare natur, klima og lomdeboka.

I mellomtida må vi krevje at NVE og OED avslår de mest kontroversielle konsesjonssøknadene som er under behandling, mellom dei som står på lista over dei mest verneverdige vassdraga i landet.